

Utval	Utvallssak	Møtedato
Utdanningsutvalet	UU 03/15	11.02.2015

UU 03/15 Årsrapport for utdanningsutvalet for 2014 (2015/)

Kva saka gjeld

Det skal fastsettast rapport for utdanningsutvalet sitt arbeid i 2014.

Bakgrunn

I arbeidet med å integrera rapportering og planlegging av arbeid med studiekvalitet og kvalitetssystem i institusjonen si heilskaplege planlegging og verksemdsoppfylging (PVO-prosessen¹) har det vore nødvendig å endra perioden både for plandel og rapporteringsdel frå studieår til kalenderår. Medan utvalet tidlegare har laga eit samla dokument for rapport og plan, er dei to delane nå skilde. For utvalet tyder dette at planen for arbeidet i 2015 vert fastsett av utvalet i fjerde kvartal 2014, medan rapporten for arbeidet i 2014 vert fastsett etter at kalenderåret 2014 er omme.

Det vert vist til UU sak 38/13, som inneheld ein gjennomgang av omlegginga i arbeidet med plan og rapportering. Utvalet gjorde i denne saka fylgjande vedtak:

Utdanningsutvalget godkjenner det presenterte planforslag for 2014, og ber om at rapporten for 2013 utarbeides i tråd med den framlagte skisse. Planen for 2014 oversendes AØV som utvalgets innspill til PBR-prosessen (plandelen).

Rapport frå arbeidet i utvalet 2014

Utdanningsdirektøren legg med dette fram årsrapport for utvalet sitt arbeid i 2014. Rapporten tek utgangspunkt i planen som var vedteken i november 2013 og byggjer i all hovudsak på møtebøkene frå utvalet i tillegg til referata frå dei to fellesseminara for UU og KLU. I eitt tilfelle er ei sak som ikkje har vore oppe til handsaming i utvalsmøta nemnd: prosjektet med digitalisering av eksamen, DigX.

I tillegg til at utvalet sitt plan- og rapporteringsarbeid er ein del av planlegging og verksemdsoppfylging ved UiS (PVO-prosessen), er planlegging og rapportering i seg sjølv viktig for utvalet sitt kvalitetsarbeid. Omleggjinga til å skilja plan og rapport slik det nå er gjort, gjer det lettare å tydeleggjera planleggjing før arbeidsåret tek til og tilbakeblikk og rapportering på det arbeidet som faktisk vart gjort, og vurderer det.

Mandatet og årshjulet gir overordna og langsiktige føringar for utvalet sitt arbeid. Årsplanen er ei operasjonalisering av desse føringane, og eit styringsverktøy som utvalet har pålagt seg sjølv å fylgja. Rapporten vil syna i kor stor grad planen er oppnådd. Utvalet skal justera arbeidet og sakene sine etter årsplanen i løpet av året.

Årsrapporten for 2014 gir eit oversyn over saker som utvalet har arbeidd med i 2014. Framlegg til utvalet si eiga vurdering er gitt i sjølve rapporten. Utdanningsdirektøren si vurdering er i tråd med denne. I tillegg vil utdanningsdirektøren merka seg at han frå og med inneverande år vil innføra ei ordning med mellombels statusorientering for arbeidet i utvalet i møtet i mai eller september, sett i lys av planen for gjeldande år.

Plan for 2015

Utdanningsutvalet gjorde i sak 40/14 (5. november 2014) eit tillegg i den framlagde planen for 2015. Dette er teke med i det reviderte forslaget som er inkludert i årsrapporten for 2014. Det nye punktet lyder: «Integrering av tverrgående prosjekt i arbeidet med vidareutvikling av studieprogram.» Det er også gjort ei justering av punktet om seminar om utdanningskvalitet, som fylgjer: «Arrangera arbeidsseminar om

¹ Tidlegare PBR-prosessen (planleggings-, budsjetterings- og rapporteringsprosessen)

utdanningskvalitet, akkreditering, reakkreditering og lokalt NOKUT-arbeid.» Utdanningsdirektøren legg disse endringane fram for utvalet til vedtak.

Framlegg til vedtak:

- a) Utdanningsutvalet godkjenner framlegget til rapport for utvalet sitt arbeid i 2014. Rapporten vert sendt til AØV som utvalet sitt innspel til PVO-prosessen.
- b) Utdanningsutvalet godkjenner den reviderte planen for 2015.

Stavanger, 03.02.2015



Kristofer Henrichsen
utdanningsdirektør

Eilef J. Gard
seniorrågjevar

Vedlegg:

- a) Utdanningsutvalgets årsrapport 2014 og revidert plan for 2015
- b) UU 38/13 Årsrapportering for arbeidet med kvalitet ved UiS - plan for 2014 og rapportskisse for 2013 - UU m/vedlegg
- c) Utdanningsutvalgets mandat